

Norske Kunstforeningers debutantpris 2020

Admir Batlak – *A New Tomorrow 2, 3 og 5*

Jurygrunngeving:

Norske Kunstforeningers debutantpris er på 50 000 kroner, og vert delt ut årleg til ein debutant på Høstutstillingen. Forutan å løfte fram og synleggjere yngre, uetablerte kunstnarar i Noreg, set prisen søkelys på det viktige samspelet mellom kunstnarar og kunstforeiningar. For mange kan kunstforeiningane vere der dei har si fyrste utstilling. Slik utgjør kunstforeiningane ein sentral del av grunnmuren i kunstformidlinga i Noreg, fordi dei gir publikum tilgang til samtidskunst uavhengig av i kor i landet ein bur, og er viktige i å bidra til mangfaldet på den norske kunstscena.

Ein annan slik stad er Høstutstillingen. Basert på fri innsending er det ei utstilling som bøyer og tøyser i eit kunstomgrep som kan vere ufatteleg raust, men likevel så snevert, og som viser oss at det er mange vegar inn til kunsten. Årets debutantprisvinnar utfordrar oss med tre skulpturar som er vanskeleg å sette i bås, og som fortel med fleire stemmer samtidig.

Juryen er imponert over presisjonen og den store sansen for material, både som estetiske og meiningsberande element. Årets debutantprisvinnar har konstruert tre nærast utanomjordiske skikkelsar, som balanserer hårfint mellom det attkjennelege og det framande, det stille og voldsomme, det formale og forteljande, og mellom skaping og konstruksjon. Skulpturane er like tvitydige som dei er finstemte, og maktar å vere både mote og kunst på ei og same tid.

Vinnaren av *Norske Kunstforeningers debutantpris 2020* er Admir Batlak for verka *A New Tomorrow 2, 3 og 5*.

Jury:

Øyvind R. Kvarme, nestleiar, Norske Kunstforeninger
Cathrine Terese Persson, dagleg leiar/intendant, Bodø Kunstforening
Ida Haugland, gallerileiar, Ålesund Kunstforening/Khåk Kunsthall
Espen Dietrichson, juryleiar, Den Nasjonale Jury 2020, Statens Kunstutstilling – Høstutstillingen